

# Mandat

## Underutval for born og unge

<b>Bakgrunn og føremål</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utvalet er Områdeutvalet sitt fagutval for barn og unge si psykiske og somatiske helse, Voss lokalsjukehusområde.</li> <li>• Fremja og styrkja samarbeidet mellom 1. og 2. linjetenesta i Voss lokalsjukehusområde gjennom samhandling og informasjonsutveksling.</li> <li>• Fremja og styrkja overgang frå born til vaksen.</li> </ul>
<b>Oppgåver og ansvar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utvalet skal dela erfaringar og bidra i arbeidet for barn og unge i heile helsefellesskapet</li> <li>• Utvalet har ansvar for å melda relevante saker til områdeutvalet</li> <li>• Utvalet skal arbeide for rasjonell og samanhengande organisering av tenestetilbodet med avklaring av ansvar, roller, funksjonsfordeling og arbeids-/pasientflyt gjerne i form av prosedyrar/avtalar. Utforske moglegheiter for «hybrid»- modellar. (samtidigheit)</li> <li>• Arbeide for auka satsing på førebyggjande arbeid</li> <li>• Vere eit fagleg og administrativt diskusjons-informasjonsutvekslingsforum, herunder også ved planlegging og utvikling av nye tilbod og ved reduksjon/ endring av tilbod. Gje uttale og kome med innspel.</li> <li>• Arbeide for sams opplærings- og kompetanseutviklingstiltak.</li> <li>• Utvalet kan nemne opp arbeidsgrupper for spesielle sake.</li> </ul>
<b>Samansetting og oppnemning</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 2-4 representantar frå spesialisthelsetenesta i lokalsjukehusområdet             <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Representant frå barne og ungdomsklinikken i helse Bergen</li> <li>○ Voss sjukehus</li> <li>○ BUP</li> <li>○ Representant frå avdeling for rusmedisin</li> </ul> </li> <li>• 1 representant for kvar av kommunane, (Voss, Kvam, Vaksdal, Ulvik og Eidfjord). Der kompetanse frå ulike faggrupper er representert.</li> <li>• 1 brukarrepresentant</li> </ul>
<b>Drift</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utvalet vel sjølv leiari, nestleiar og sekretær.</li> <li>• Utvalet bør ha 1 møte pr. kvartal og minimum 1 møte pr. halvår.</li> <li>• Det skal førast referat frå møta i Utvalet. Referatet vert sendt til samarbeidssekreteriatet</li> <li>• Møta i utvalet bør vera i forkant av møta i områdeutvala slik at referat frå siste møte kjem med i kommande områdeutval</li> <li>• Utvalet sine utgifter vert dekkja av Områdeutvalet etter avtale/søknad.</li> </ul>